

# Guide for leksebevisste skular

**Definisjon - Lekser er oppgåver som elevar vert pålagt av lærar å gjera utanom skuletid (Holte 2016)**

Å vera leksebevisst er å praktisera lekser på ein måte som sikrar inkludering og like mogelegheiter for utdanning for alle elevar.

Å vera leksebevisst er å ha kunnskap om korleis dårleg leksepraksis kan skapa problemer for enkeltindivid og for samfunnet.

## 15 spørsmål til refleksjon for bevisstgjerung og utvikling.

1. Gjer leksepraksisen alle elevar like mogelegheiter for utdanning? Byggjer praksisen på solidaritet?
2. Tek leksepraksisen høgd for variasjon og mangfald i elev- og foreldregruppa?
3. Medverkar leksepraksisen til gode nære relasjonar for eleven?
4. Får du som lærar observert elevane når dei jobbar individuelt, eller skjer det mest utanom skuletid?
5. Korleis kan du og skulen tilretteleggja for repetisjon, mengdetrening, læring av gode arbeidsvanar og individuelt arbeid i skuletida?
6. Korleis er eleven sin rett til medverknad ivareteken i leksepraksisen?
7. Byggjer leksepraksisen opp under eleven si skaparglede, engasjement og utforskartrang?
8. Vert det teke tilstrekkelig omsyn ved risikohøve (ulikskapar i språk og kultur, konsentrasjonsvanskar, dysleksi) eller vert elevar «straffa» for forhold som dei ikkje kan noko for?
9. Kva kan du gjera for at undervisninga skal styra eventuelle lekser mer enn lekser styrer di undervisning?
10. Dersom du kunne frigjera tid brukt til å laga og følgja opp lekser, kor mykje tid ville det vore og kva ville du brukt tida til?
11. Korleis kan foreldra vera en ressurs for deg som lærar, og skulegangen til sitt barn?
12. Korleis kan du hjelpa foreldra å få god informasjon om barnet si utvikling på skulen?
13. Tek leksepraksisen omsyn til at menneske (elevar, foreldre og lærarar) er sårbare og feilbarlege?
14. På kva måte kan eleven si rolle som familiemedlem eller deltakar i ein fritidsaktivitet vera ein ressurs på skulen?
15. Opplever alle elevar meistring og inkludering?